

Soga om Guro Heddeli

*Det var Guro uppi Dalen,
vandt det var aa sjaa ei slik.
Naar ho sette seg i Sa'len,
daa va ho ei Dronning lik.
Messa inkje Presten sette,
fyr at Guro komi er.
Trutt så laut han halda dette,
tri Pund Smør fyr det han fær.*

(Telnes 1925: 9)

Guro miste tidleg baade Far og Mor. Far hennar døydde, daa ho var ei liti Vippa, og Mori, daa Guro var mote vaksi Gjenta, so ho kom mykje til aa raada seg sjølv på Heddelid. [...] Tore Smylemoen var berre ein Husmannsson, men so var han Spelemann, veen Kar, og so spræk, at det inkje fannst Hjell utan han spratt uppunder, so han hadde god Lukka med Gjeturne. Honom hadde Guro dreget etter seg i nokre Aar, og til honom hadde nok Guro beste Hugan au, men so var det det, at han maate vera baade sterk og rik, han som skulde reisa Ætti paa Heddelid. [...]

Torgeir Uppstad var heime i Sætedalen. Han var av god gamall Ætt, men elles ei stor Slaaskjempa. Guro Heddelid var vidspurd som ei overlag fager og rik Gjente. Daa so Torgeir fekk høyre gjetet dei byrge Ordi av Guro um Sverdet, lagde han av Stad. [...] Torgeir Uppstad var der baade tidt og traat um Vetteren. Guro hadde klen Hug til honom, men Gjetordet og Rikdomen drog. Tore var endaa inkje vonlaus, fekk han ein Gong nei, so fekk han andre Gongen ja. [...] Guro vyrde inkje paa detta, men festa seg med Torgeir. [...]

Daa Brurferdi kom ned gjennom Dalen, tok han [Tore] Fela'si, sette seg fram paa ein Berghamar og spelad og song [ei] Vise. Guro vart naableik og glodde kringum seg. Ho var alt paa Veg til aa snu Hesten sin, men i det same vart ho var Torgeir, som reid ende attanfyr henne. Han gav henne berre eit kvast Auga, og so torde ho inkje annat enn aa fylgja med til Kyrkja. Ho var sturi og bleik heile Gjestebodet. Ofte sat ho og stirde beint framfyr seg, og ho gjekk der slik kjøvd av Tankar i mange Aar, so Torgeir fekk inkje stor Hugnaden av henne. Dei leitad ofta etter Tore sidan, men dei kunde inkje finna honom. So nokre Aar etterpaa fann dei Beini hans uppi Grimaas-Nuten. [Guro Heddeli døydde under Svartedauen].

(Ibid.: 7-50. Forkorta versjon.)

Guro Heddeli budde på Heddeli i Grunningsdalen, eit trongt dalføre mellom Seljord og Sauland mot Lifjell. Foreldra døydde tidleg, og Guro var einaste arvingen til garden. På husmannsplassen Smylimoen budde Tore. Det var han Guro eigentleg ville ha, men ho var ei "fornuftig" kvinne som ikkje lét seg overtale bare av kjenslene sine, og ho tenkte òg langsiktig. Guro, som eigentleg burde ha alle føresetnader for å kunne gifte seg av eigen fri vilje, sidan ho ikkje hadde nære familiemedlemmer som bestemde over ho, valte altså likevel å fylgje samfunnet sine normer og gifte seg med ein av sin eigen stand. Draginga mellom krav og kjensle blir her tydeleg:

Den ho valde var Torgeir Uppstad frå Setesdal. Han var rik, men også ei slåsskjempe. Ein får ikkje eit godt inntrykk av Torgeir, men husmannsguten Tore får ein sympati med. Då Guro gifter seg med Torgeir rømmer Tore frå dalen og ligg lenge på Lifjell der han til slutt døyr ulukkeleg og aleine. Guro var også ulukkeleg heile livet på grunn av valet ho hadde gjort.

Soga fortel oss om ei kvinne som i ungdomen var lukkeleg, fri og forelska, men som ved å ta eit val som samfunnet forlanga av ho, blei ulukkeleg og innestengd. Denne ulukka fører ho også over på ektemannen, Torgeir. Gjennom åra lever ho heller på minna ho hadde med ungdomskjærasten, Tore. Dette seier oss noko om den moralen samfunnet påførte menneska. Ein var styrt av samfunnet sine normer, og blei tvinga til å ta val ein eigentleg ikkje ville ta. Sjølv om Guro gjev inntrykk av å vera ei sjølvstendig og bestemt kvinne, let ho seg altså kue i spørsmålet om val av ektefelle. Ein kan seie at ho underkastar seg autoritetane, og på den måten gjev frå seg styringa på sitt eige liv.

Gangaren "Guro Heddeli" har eg i tradisjon etter Gudmund Manheim (1918–1998) frå Seljord, og har lært slåttan etter opptak av CD-en "Manheimspel" (2008). Slåtten har mange former og namn og er sannsynlegvis ein gamal slått som har vandra mellom Vestlandet og Telemark. Slåttenamnet Guro Heddeli blei gitt av Eilev Smedal (1889–1938) (Haugan). Andre namn på same slåtten er "Tjønnergen" og "Sollikrokan".

("Hun blev i elfven" - kvinner i
slåttespel og -søge)
Sara Fjågesund,
Mastropngåve i tradisjonskunst,
Høgskulen i Telemark. Institutt for
folkekultur, Pauland. 2009